

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 24.10.2007
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **System for internkontroll for Helse Vest RHF - igangsetting av prosjekt**

Styresak 091/07 O

Styremøte 08.11. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 2

Helse- og omsorgsdepartementet har i perioden 2004 – 2007 i brev og i møter samt gjennom den eigarstyring som blir formidla i føretaksmøta, retta fokus mot oppfølging av juridisk rammeverk gjennom konkrete krav til internkontroll, avvikshandtering og risikostyring mv. Helse Vest RHF har i same periode hatt fokus på utvikling av god verksemdstyring i heile føretaksgruppa. God verksemdstyring handlar om det system verksemda blir styrt og kontrollert etter for mellom anna å sikre oppfylling av lov- og myndigheitskrav og for å kunne nå dei mål og resultatkrav som blir sett.

For Helse Vest RHF er risikohandtering, plan- og tiltaksarbeid, evaluering og kontrollaktivitetar med påfølgjande rutinar for korrigeringar sentrale faktorar innanfor dette arbeidet. Helse Vest RHF har likevel per dato ikkje eit fullt utvikla og dokumenterbart system for internkontroll.

Helse- og omsorgsdepartementet og aktuelle tilsynsmyndigheiter forventar at eit slikt samla systemopplegg for internkontroll er implementert, og Helse Vest har derfor sett i gong eit prosjekt med hovudmål å ferdigstille eit system for internkontroll for Helse Vest RHF.

Systemet skal sikre og ivareta oppfølging av lov- og myndigheitskrav som retter seg mot Helse Vest RHF, enten krava følgjer direkte av loven sjølve, av andre myndigheitspålegg, eller dei følgjer av den rolla og ansvarsposisjonen Helse Vest RHF er gitt som eigar av underliggjande helseføretak og som ivaretar av "sørgje for"-ansvaret.

Systemet skal kunne takast i bruk frå 1. januar 2008.

Prosjektet er gjeve følgjande mandat:

Prosjektet skal utvikle et system for intern kontroll med utgangspunkt i allerede etablerte rutiner. Systemet skal bygge på prinsippene i forskrift om internkontroll fastsatt ved kgl.res. 20. desember 2002 med hjemmel i tilsynsloven og på annet relevant regelverk for internkontroll.

Systemet skal

- *beskrive Helse Vest RHF's hovedoppgaver og mål, herunder mål for forbedringsarbeidet*
- *beskrive hvordan virksomhetene er organisert*
- *sikre kunnskap om relevante lov- og myndighetskrav og hva disse kravene innebærer for virksomheten.*
- *angi metodikk for avdekking av områder hvor det er fare for svikt eller mangel på oppfyllelse av myndighetskrav, herunder beskrive når risikovurderinger skal iverksettes og av hvem (risikostyring)*
- *angi hvordan risikoarbeidet følges opp (tiltaksdelen)*
- *angi rutiner og ansvar for evaluering, oppfølging og kontroll (kontroll og korrigerings)*

- *beskrive system for avvikshåndtering*
- *beskrive dokumentasjonshåndtering*

Prosjektet vil bli leda av og vere bemanna av personell frå Helse Vest RHF. I tillegg er PricewaterhouseCoopers AS (PwC) engasjert for å bistå prosjektleiar i fasilitering og koordinering av prosjektet. PwC vil også bringe inn metodikk, fagerfaring og operasjonell kapasitet i prosjektet.

Administrerande direktør vil kome attende til styret med ei utfyllande utgreiing om resultata frå prosjektet og det system som blir utvikla.